

Medlem og varamedlem i Eid fjord felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-41      Saksh: Johanna Maria Hereid  
Journalpostid: 22/13288      Telefon: 53 67 35 32      Arkivkode K1-033      Dato: 29.11.2022

## Møtebok 29.11.22

**Stad:** Møterom i 2. høgda på kommunehuset.

**Tid:** kl. 10.00-11.30

**Til stades:** Marete Sæbø (leiar) Harald Næss, Aslak Lægreid (vara), Frode Eriksen, Sigrid Bu, Johanna Håbrekke.

**Frå administrasjonen møtte:** Knut Ingar Myklatun (økonomisjef) Johanna Maria Hereid (møtesekretær).

**Forfall:** Magnar Røise og Ole Jonny Odland.

**Til å skriva under møteboka:** Marete Sæbø og Johanna Håbrekke

### Sak 83 – Godkjenning av møtebok

Møteboka frå 08.11.22 vart godkjend.

### Sak 84 – Budsjett

Rådet ynskjer å få budsjettet tilsendt i papir då det er tungvint å bla seg rundt på ein skjerm. Det er då lettare å skriva notater om ein får det i papir. Det vart opplyst om at det var mogeleg å få ut budsjettet i papir om ein tok kontakt med tenestetorget.

Budsjettet er elles lagt ut på app med link til heimesida.

Økonomisjef Knut Ingar Myklatun hadde ein grundig gjennomgang av budsjettet der det vart høve til å stilla spørsmål etter kvart.

Økonomisjefen orienterte om statusen for Eid fjord kommune, og om kraftprisar, skatt og inntekt både no og historisk sett samt økonomiske føresetnader og driftsbudsjett fordelt på den enkelte eining.



Det kjem store investeringar framover med nytt renseanlegg i Sysendalen. Dette skal inngå i sjølvkostrekneskapen, og avgiftene vil auka framover.

Økomisjefen orienterte også om tidlegare vedtekne investeringar som vil verta gjennomført i 2023.

Dette er i hovudsak:

- Tilbygg idrettshall – 6 mill.
- Kjærøyna – 4 mill
- Torgplass – 13 mill

Rådet takka for ein fin gjennomgang og synest det var eit fornuftig budsjett som var føreslege.

**Eid fjord fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande innspel til kommunestyret:**

1. Rådet ynskjer å styrka fysioterapitenesta med ein ny 50% fast stilling for å stabilisera og halda kontinutet i tenesta.
2. Rådet ynskjer sansehagen inn i budsjettet igjen med kr. 300.000,-

**Sak 85 - Ymse**

**Skulemat og matsvinn:**

Det vert påstått at det vert kasta mykje skulemat på skulen. Rådet er opptekne av at det vert jobba med at det vert mindre matsvinn. Kanskje FAU, leiing og miljørådgjevar kan setje fokus på dette, evt endra menyen viss det er matvarer ikkje elevane vil ha som då vert kasta i staden.

**Aktivitetsapparat:**

Rådet ynskjer fleire aktivitetsapparat i samband med det eine som allereie er kome ved bygdaheimen. Ynskjer at midlar vert avsett til dette.

---

Leiar

Med venleg helsing  
Eid fjord kommune

---

Medlem

Johanna Maria Hereid  
leiar for tenestetorget

Kopi til arkiv og kopibok